



Lindås Rør & Sanitær As
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6444 - 17/8866

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2017

Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 148/2 Litleskare

Administrativt vedtak. Saknr: 118/17

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunen viser til søknad om ferdigattest mottatt 22.12.2016 og vårt skriv datert 20.01.2017 som gjeld trong for tilleggsdokumentasjon i saka. Vi har ikkje mottatt etterspurd dokumentasjon innan fristen.

Det vart gitt løyve til etablering av felles avlaupsanlegg i vedtak datert 17.08.2015, administrativt vedtak saknr 330/15. Vilkhåra i løyvet om at det skal liggja føre godkjend dispensasjon frå byggjegrensa langs kommunal veg, godkjend løyve etter hamnelova og godkjend graveløyve frå Statens vegvesen før arbeidet tek til er ikkje dokumentert stetta.

Det kan ikkje gjevast ferdigattest når vilkhåra i løyvet ikkje er oppfylt. Det kan ikkje søkjast om dispensasjon for vilkhåra. Søknaden vert avslått.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det ikkje gitt ferdigattest for avlaupsanlegg på gbnr 148/2 m.fl. Søknaden vert avslått.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6444

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Litleskare Avløpsanlegg	Interimstyret v/ Thor Litleskare	5911	ALVERSUND
-------------------------	-------------------------------------	------	-----------

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær As	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------